



LESARHISTORIA – NY VEG TIL LESAREN

Samarbeidsprosjekt mellom folkebibliotek,
skule og barnehage 2014-2018



Begrepet leserhistorie brukes for å karakterisere mer enn en lesers kodekompetanse, leseflyt, leseforståelse og forståelsesevne. I en leserhistorie inngår også leserens lesererfaringer på godt og vondt og metaperspektivet leseren har på egen lesing og leseutvikling. I leserhistorien kartlegges for eksempel holdninger til lesing, lesemodeller eleven har i nære relasjoner, og mulige temaer og sjangrer leseren kan motiveres av. Medievaner og elevens forhold til digitale tekster og sosiale medier kartlegges, i tillegg til elevens bruk av skole- og folkebibliotek. Det dreier seg også om deltakelse i skolens tekstsamtaler og leserens egen språkbruk om lesing og lesestoff.

Kåre Kverndokken i *Gutter og lesing*,
Fagbokforlaget 2013, s. 156

Utgjeve av Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, 2018 · Prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket

Redaksjon: Bente Elisabeth Lund, Siv Hatlem og Siri Ingvaldsen, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
Tekst er basert på rapportar og presentasjonar frå deltakande bibliotek, barnehage og skular
Layout: Siv Hatlem, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek · Biletrettar tilhøyrrer leserhistorieprosjektet
og dei einskilde biblioteka, skulane og barnehagen · Omslagsfoto: Lene Neverdal · Trykk: Bodoni

Innhald

Lesarhistoria – ny veg til lesaren

4

PROSJEKTET
LESARHISTORIA –
Ny veg til lesaren

10

BIBLIOTEKET SOM
LÆRINGSARENA
Plan for samarbeid
mellom bibliotek og skule

Nordstranda skule og
Gloppen folkebibliotek

18

BREV TIL BIBLIOTEKAREN
Med auge for
einskildeleven

Krokane skule og
Flora folkebibliotek

26

SLUTTORD FRÅ
SOGN OG FJORDANE
FYLKESBIBLIOTEK

6

BIBLIOTEK I
BARNEHAGEN
Bokunivers for dei yngste

Davik barnehage og
Bremanger folkebibliotek

14

RETT BOK TIL
RETT ELEV
Partnerskap mellom
lærer og bibliotekar

Kaupanger skule og
Sogndal bibliotek

22

LITTERÆR SAMTALE I
KLASSEROMMET
Leseopplevingar og
litteraturkritikk

Sagatun skule og
Balestrand folkebibliotek



PROSJEKTET LESARHISTORIA – NY VEG TIL LESAREN handla om samarbeid mellom barnehage og bibliotek og mellom skule og bibliotek. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek initierte og leia prosjektet, som fekk støtte frå Nasjonalbiblioteket gjennom fire år. Fem kommunar var involverte. Forskarar ved OsloMet – storbyuniversitetet fylgde og dokumenterte prosjektet.

Prosjektet skulle dreie seg om formidling med utgangspunkt i barns og unges lesarhistorier. Omgrepet er henta frå dosent emeritus ved Universitetet i Sørøst-Norge Kåre Kverndokkens definisjon i boka “Gutter og lesing” (2013).

I prosjektet har vi tolka omgrepet i vid forstand.

Målet var å utvikle metodane vi brukar for å formidle litteratur til barn og unge. Vi ynskte oss ei ny tilnærming til korleis kommunar kan jobbe med lesestimulering. Ei tilnærming som sette lesarens bakgrunn og lesevanar i fokus og som lærarar og bibliotekarar kunne samarbeide om. Dette er eit perspektiv som begge profesjonsutdanningane har vore opptekne av, og vi fann inspirasjon og kunnskapsgrunnlag for prosjektet frå begge fagfelt.

I boka Gutter og lesing (2013) nyttar Kåre Kverndokken omgrepet “lesarhistorier”. Det var denne definisjonen som kom til å danne grunnlaget for prosjektet vårt.

esa

I prosjektet skulle lærar/pedagog og bibliotekar saman finne ut korleis ein kunne bruke lesarhistoriene og vere med på å utvikle dei vidare. Med lærarens /pedagogens kjennskap til barna og bibliotekarens kunnskap om litteratur ville vi skreddarsy formidlinga til den einskilde og vidareutvikle det samla formidlingsarbeidet i Sogn og Fjordane.

Kommunane utvikla lokale delprosjekt med bakgrunn i eigen praksis. Med lesarhistoriene som bakteppe tok dei i bruk ulike formidlingsmetodar som alle på ein eller annan måte hadde form av litterær samtale, som bokprat, bokmeldingar, produksjon av tekstar, dramativering, brev og refleksjonssamtalar.

Folkebibliotek, skular og barnehagar har eit felles samfunnsoppdrag. Dei skal gje barn og unge eit best mogleg grunnlag for læring og opplevingar. Med dette som utgangspunkt, blir det veldig tydeleg at lærar/pedagog og bibliotekar i større grad bør samarbeide. Gevinsten av eit slikt samarbeid er det vi ynskjer å vektleggje med denne publikasjonen.

Fylkesbiblioteket vil rette ein stor takk til Nasjonalbiblioteket som har støtta prosjektet. Vi vil også takke våre gode samarbeidspartnarar ved OsloMet.



BENTE ELISABETH LUND:

Eg er opptatt av effekten litteratur kan ha på menneske. Gjennom prosjektet har vi nådd fram til barn og unge, som er dei viktigaste lesarane vi har. Foto: Torill Berge

Sist, men ikkje minst vil vi takke dei dyktige deltakarane i kommunane, som har vist stor arbeidskapasitet, vilje og tolmod. Dei har imponert oss med sin kunnskap og kreativitet. At prosjektet kom i hamn med så fine resultat, er i høgste grad deira forteneste.

Rådgjevar Bente Elisabeth Lund, prosjektleiar, rådgjevar Siv Hatlem, prosjektmedarbeidar og fylkesbiblioteksjef Siri Ingvaldsen, prosjektansvarleg

rhistoria

BIBLIOTEK I BARNEHAGEN

Davik barnehage ynskte å bli ein barnehage med lesande og bokglade barn. Gjennom tidleg start, tettare samarbeid med Bremanger folkebibliotek, involvering av foreldra og medvite fokus på lesing og bøker i bruk, har dei forvandla barnehagen til eit bokunivers.

Det vart i prosjektet sett av tid på vekeplanen til høgtlesing kvar dag. Fornyng av utvalet gjorde boksamlinga levande, og bokkassar fanst i alle rom. Bibliotekaren kom på besøk etter fast

plan, og i tillegg hadde barnehagen planfesta aktivitetar kvar månad. Barnehagen arrangerte bokkafé med foreldre, og lesing, bøker og digitale ressursar var tema på foreldremøte.

Gjennom dialogisk lesing, der lesinga inkluderte samtaler og refleksjon, fekk både barn og dei vaksne eit meir medvite forhold til litteratur og lesarhistorier. Barna presenterte si favorittbok, dei store las for dei små, og barna skreiv eigne tekstar.





LITTERATURFORMIDLING UTE OG INNE: Samarbeidet med biblioteket gav mange gode lesestunder. Personalet lærde mykje av å vere med når bibliotekar Trond Strand formidla bøker gjennom lesing og lek. Dei tilsette er meir reflekterte over bokval, og tek i bruk varierte formidlingsmetodar. Lesing er blitt ein like naturleg del av kvardagen som lego og rolleleik. Foto: Kjell Ivar Skjerdingsstad

Barnehagen laga fysiske bokunivers ved å gjenskape stader og handling frå biletbøker i sitt eige nærmiljø. Ved å la små barn kome inn i ei bokverd og vere der over tid – i kvardagen – var barnehagen med på å forme lesarhistorier.

Samarbeid med bibliotek er sentralt for at barnehagebarn skal få ta del i slike bokunivers. Prosjektet syner døme på korleis barnehagen kan jobbe systematisk med litteratur og lesing, og korleis biblioteket kan utvikle tilbodet sitt til barnehagane.



BOKA HAR FÅTT EIN NY Plass I BARNEHAGEN: Eldre barn fekk i oppgave å lese høgt for yngre. Det galdt å finne ei bok som ville falle i smak hos den andre. Foto: Kjell Ivar Skjerdingsstad

ASTRID OLSBØ

pedagogisk leiar, Davik barnehage

Vi ser eit stort engasjement i heile barnegruppa når det gjeld å lese bøker. Biblioteket i gangen er stadig i bruk i leiken. Barna lagar seg "hytter" under sofaen, bak skap, stolar og vogner. Her finn vi dei både åleine og saman med andre barn, med bøker i fanget. Kjekt å sjå at barna i større grad enn tidlegare vel lesing som aktivitet i frileiken.



Bremanger: Dette er gjort

Saman med biblioteket har barnehagen introdusert barna for ei verd av bøker og på den måten vore med på å forme lesarhistoriene deira.

Nokre av aktivitetane i prosjektperioden:

- arrangert bokkafé med foreldre
- hatt tema om lesing på foreldremøte
- skrivt bok sjølv og dikt saman med 1. og 2. klasse
- late store barn lese/fortelje ei bok til yngre
- hatt presentasjon av «mi favorittbok» der barna tok med seg bøker heimanfrå
- jobba med dialogisk lesing, bokdramatisering, e-bøker og digital formidling
- hatt lesestunder ute i det fri

Tips: Hugs småbarnsforeldra

Erfaringane frå Davik viser at tett samarbeid med foreldra er avgjerande for å halde oppe interessa for lesing. Ved å setje opp lesing på vekeplanar og som satsing i årsplanen, vert det synleg at lesing er prioritert og ein viktig aktivitet i barnehagekvardagen. Barnehagen sender ut påminning til foreldre når bibliotekaren kjem med påfyll av bøker i garderobebiblioteket. Bibliotekaren kan vere ein viktig medspelar t.d. på foreldremøte for å fremje bibliotektilbodet.

Les meir

Lesefrøprosjektet (2008-2010) starta som eit utviklingsprosjekt mellom dåverande ABM-utvikling og Lesesenteret, og har ført til mange samarbeidsprosjekt mellom barnehagar og bibliotek. Les meir på lesesenteret.uis.no eller i boka *Lesefrø - språkstimulering gjennom leseaktiviteter i barnehagen* av Trude Hoel m.fl. (Cappelen Damm, 2011)

Trine Solstad har gitt ut fleire bøker om korleis barnehagar kan bruke barnelitteratur i praksis, t.d. *Leseprosjekter i barnehagen : inn i litteraturen på mange måter* (Fagbokforlaget, 2018)

Nynorsksenteret tilbyr kurs, videoleksjonar og materiell til bruk i barnehagar som vil arbeide med nynorsk språk og litteratur: nynorsksenteret.no

På sprakloyper.uis.no finn ein kompetanseutviklingspakkar for barnehage.

BIBLIOTEKET SOM LÆRINGSARENA

Gloppen folkebibliotek og Nordstranda skule ville auke kompetansen på formidling til ei gruppe der mange ikkje har etablert seg som bibliotekbrukarar, nemleg elevar i 2. og 3. klasse. I prosjektet har bibliotek- og skulebesøk vore kopla opp mot kompetansemåla i læreplanen for norskfaget.

Det har vore ti samlingar i året basert på undervisningsopplegg med ulike former for litteraturformidling. Dei fleste samlingane har vore i biblioteket, for at elevane skulle verte godt kjende med lokalet og boksamlinga. Biblioteket har vore ein arena for både læring og litteraturformidling.

I undervisninga har dei vore innom dikt, eventyr, samansett tekst og faktabøker. Dei har også snakka om bøker med tema elevane kjenner igjen frå fag som natur- og samfunnsfag. Gjennom å knyte bibliotekaren sin litteraturkompetanse til læreplanen og lærebøker, har skulen fått eit verdifullt supplement til norskundervisninga, og biblioteket har fått utvida sitt formidlingstilbod.

Eit mål i lesarhistorieprosjektet har vore å evaluere undervegs for å kartlegge og utvikle formidlingspraksisar. Ved å teste ut og tilpasse formidlinga etter kvart besøk, har biblioteket utvikla si eiga teneste. Gloppen folkebibliotek har fått midlar frå Nasjonalbiblioteket til å vidareutvikle prosjektet fram til 2020.

REIDUN SANDØY OS lærer 3. trinn, Nordstranda skule

Alt i alt vil eg seie at leseprosjektet har vore ei stor inspirasjonskjelde, ein læringsarena og ein arena for gode opplevingar knytte til bøker og biblioteket.



BOKPRESENTASJON: Elevane presenterte bøker for kvarandre. Foto: Ann-Kristin Hovstad



LITTERATURFORMIDLING: Elevar i 3. klasse lærer 2. klassingar om biletbøker. Foto: Ann-Kristin Hovstad



2015/2016	
Sept	Biletbøker
Okt	Fagbøker
Nov	"Lese sjølv-bøker"
Des	Høgtlesingsbøker
Jan	Eventyr
Feb	Dikt, rim og reglar
Mars	Teikneseriar (+ ev. ebokbib og websøk)
April	Korleis finne fram til bøkene
Mai	Besøk av Anna R. Folkestad
2016/2017	
Aug	Bli-kjend-dag på biblioteket (2. kl)
Sept	Lese gode bøker (3. kl)
Okt	Presentere biletbøker for 2. kl (3. og 2. kl på skulen)
Nov	Skjønnlitterære tekstar og fagtekstar (3. kl)
Feb	Fagbøker (2. kl)
Feb	Kva skal vi lese i dag? (3. kl)
Mars	Dikt, rim og reglar (2. kl)
Mars	Ebok og websøk (3. kl)
Mai	Besøk av Ingunn Thon (3. kl på skulen)

ÅRSPLAN: Bibliotekaren hadde lagt opp til eit tett program, og opplegget vart knytt til mål i læreplanane.

Prosjektet i Gloppen viser kva som konkret kan komme ut av at lærar ser på læreplanar og lærebøker i lag med bibliotekaren og planlegg formidlinga med dette som utgangspunkt. Bibliotekaren får nytte sin kompetanse om litteratur og formidling, og læraren sin kunnskap om skulen sitt rammeverk og den enkelte elev. Gjennom samtalar lærer begge partar meir.

Lærar har gjeve bibliotekaren verdifulle tips om samspel med aldersgruppa og “yrkestriks” om plassering i rommet og stemmebruk m.a. For bibliotekarar kan det vere nyttig å få vite kva ein kan krevje og forvente av klassar ein skal møte, for å vite kor ein kan leggje lista og tilpasse formidlinga deretter.

For skulen og læraren har det vore særleg verdifullt å ha ein plan for

“For meg har biblioteket vore eit supplement til undervisninga. Elevane har fått besøke biblioteket og fått undervisning av bibliotekaren og tykkjer det er stas – samstundes har vi jobba med same tema ei tid gjerne både i forkant og etterkant av besøket.

Inger Lise Fløtre Engelstad,
lærer 2. trinn

bibliotekbesøka der litteraturformidling og sjangerkunnskap har vore innhaldet. Klasseromsdepot utlånt frå folkebiblioteket har gjeve elevane tilgang på bøker heile tida.



FORFATTARBEØK: Skuleåret 2015/2016 vart avslutta med besøk av den populære nynorskforfattaren Anna Folkestad. Biblioteket hadde kjøpt inn ekstra eksemplar av den nyaste boka, noko elevane sette stor pris på. Foto: Ann-Kristin Hovstad

Opningsregler:
 Øglænd, Margaret Mo
 Myklebust, God ven

Kva er eit dikt?
 vers, lita historie, kan vere på rim. Kva er å rime
 finne eksempel på ord som rimar
 Hugsar dei Herr Spiss?

Kjenner elevane nokre dikt?
 Veit Reidun om eit fint eit?
 Kva likar eg?

Øglænd: Mors beste barn
 Kva rimar her?

Bjørlykke: Kva er regnet?
 Kva handlar dette diktet om?
 Nynorsksenteret (animasjon)

Kleiva: Kribledagar
 Lese dei 3-4 fyrste sidene utan illustrasjonar, lese dei ein
 gong til med illustrasjonar. Er det forskjell på kva dei
 syster diktet handlar om? Lese heile om dei har lyst.

Dreyer: Konrad Kråkebolle
 Kva handlar dette diktet om?

Tusvik: Kra kra
 Kva handlar dette diktet om?
 Nynorsksenteret (animasjon) - leike med ord

Kaldestad: Høner gjer meir
 Leik med illustrasjonar (Nynorsksenteret)

Oppgåve til neste gong
 Gi dei kvar sitt dikt som dei skal "anmelde"

Kort presentasjon av dei nye bøkene dei får med på skulen

Låne bøker

ARBEID MED DIKT: Bibliotekaren trekkjer fram
 samlinga om dikt som den mest gjevande. Elevane
 var engasjerte og interesserte. Litteraturtilfanget er
 i tillegg stort og det er ein sentral del av norsk-faget
 på dette alderstrinnet. Her har ein sjuåring analy-
 serte diktet "Høner gjer meir" av Per Olav Kaldestad
 og konkludert med at budskapet er at høner ikkje er
 så kjedelege som vi trur!

Namnet ditt: Nicolai

Høner gjer meir

Høner gjer meir
 enn å leggja egg.


Høner gjer mykje meir
 enn å leggja egg.

Høner gjer meir enn gjerne
 mykje meir enn å leggja egg.

Kvifor: Høner er ikkje so kedde
 vi trur

Kva handla diktet om: Høner gjer meir

Dato: 25.2.16



Gløppen: Dette er gjort

I samarbeid med lærar har bibliotekar gjennomført ei rekkje samlingar som har vore integrerte i norskundervisninga.

- ti samlingar i året som har kombinert litteraturformidling med undervisningsopplegg
- oppsummering og evaluering av kvart besøk og kvar formidlingsøkt
- elevane i 3. klasse har presentert bøker for elevane i 2. klasse
- klasseromsbibliotek (depot) med bøker valde for projektet
- elevarbeid på skulen etter samlingane i biblioteket
- markering av endt skuleår med forfatterbesøk og bokgåve

Tips: Knyt formidlinga til tema i læreplanen

Bibliotek som vil prøve ut eit liknande opplegg må gjerne starte i det små med 2-3 besøk i semesteret. Ein fin inngang er å introdusere biblioteket og ha ein gjennomgang av korleis skilje fakta frå forteljing. Det er lurt å knyte tema opp mot norskfaget, f.eks. er eventyr og dikt sentrale emne der.

Les meir

På skolebibliotek.no ligg det døme på undervisningsopplegg som skule og bibliotek kan samarbeide om.

RETT BOK TIL RETT ELEV

Sogndal bibliotek hadde som mål å vidareutvikle skulebesøka og å treffe betre med bokvalet – for å auke lesemotivasjonen hjå elevane. Kaupanger skule ville skape eit lesande miljø for elevane på 6. og 7. trinn.

Biblioteket samarbeidde tett med lærar, og fylgde ein klasse i to år. Gjennom brevveksling med elevane fann bibliotekaren ut meir om lesaren og om kva som kunne motivere han eller ho. Tilbakemeldingar på bokvalet gjorde det enklare for bibliotekaren å finne liknande bøker.

I tillegg til brev har tett dialog med lærar vore viktig for å finne bøker som var tilpassa lesenivået til den enkelte. Brev har òg vore utgangspunkt for bokpraten bibliotekaren har hatt i biblioteket eller i klasserommet. Refleksjon og evaluering av bokval og eiga formidling har vore med på å utvikle bibliotekarens formidlingspraksis.

Lærar og bibliotekar reiste i prosjektperioden saman på kurs om barnebøker og gjorde felles vurderingar av bøker til den einskilde elev. Dei har også hatt gode samtaler om bøker som klassen kan bruke. Det er lettare å gje boktips når bibliotekaren kjenner klassen som gruppe og når lærar kan informere om utviklinga til klassen. Jo lenger ein kom i prosjektet, jo vanskelegare bøker kunne dei t.d. bruke til høgtlesing.

Læraren har klart å skape eit miljø i klassen som er i tråd med hennar syn på lesestimulering. Ho ynskte at elevane skulle “flytte inn i bøkene” og at klasserommet skulle ha “eit landskap av bøker”. Vidare har lærar vore tydeleg på at ho ville vere eit lesande forbilde for elevane. Samarbeidet med bibliotekar har forsterka denne rolla overfor elevane. Lærar og bibliotekar har stått fram som eit team med same agenda – dette er noko dei er saman om. Lærar har også tatt ei aktiv rolle i å fylgje opp bokpraten til bibliotekaren.

Lærar har snakka om lesing og prosjektet i alle foreldremøte og foreldresamtalar. Elevane har fått 30 minutt til lesing kvar dag og har til ei kvar tid hatt ei bok på skulen og heime. Lærar lét også bøker og lesing inngå i andre fag enn norsk der det er mogleg.

Bibliotekaren og læraren opplevde stor leseglede blant barna og fekk eit gjensidig fagleg utbyte av samarbeidet.

BOKPRAT: Bibliotekar Eli Kjos-Wenjum i samtale med elevar etter bokprat i biblioteket. Foto: fylkesbiblioteket

GJENNOM PROSJEKTET HAR EIN:

- utvikla ein formidlingspraksis som er meir målretta
- utvikla eigen praksis med å finne leseforslag til barn og unge
- gitt draghjelp til elevar som sleit med lesing.

Nokre av bøkene som er brukte i prosjektet har vore avgjerande for leseutviklinga til dei som har hatt størst utfordringar.



NÅR DET OPPSTÅR MAGI I KLASSEROMMET

Bokserien “Amuletten” er i dag blant dei mest selde barnebøkene i Noreg. Også biblioteka merkar denne etter-spurnaden. I skrivande stund (oktober 2018) ligg den første boka “Steinvokteren” på førsteplass over dei mest lånte barnebøkene i norske bibliotek*. Dei vakre og dramatiske illustrasjonane i japansk animestil akkompagnerer ei spennande og medrivande fantasyforteljing om kampen mellom det gode og det onde. Illustrasjonane gjer boka lett å lese, utan at den framstår som enkel eller barnsleg. Den fengjer både gutar og jenter i nesten alle aldrar.

Då prosjektet starta i 2015, var boka heilt ny og ganske ukjend for dei fleste. Bibliotekaren formidla boka med ekte engasjement, og dei som fekk boka utlevert var ekstra heldige. Gjennom å vere dei som oppdaga boka først, fekk dei ny status i klassen, samstundes som dei kjende meistring og kjensla av å vere i eit lesande fellesskap.

At litteratur kan ha ein slik effekt er noko biblioteka bør framheve endå meir. I dette prosjektet opplevde ein kvardagsmagi som ofte skjer i møte mellom tekst og lesar. Her var det lærar og bibliotekar som saman la til rette for eit slikt møte.

* Informasjon basert på liste publisert av Biblioteksystemer AS, oktober 2018.

Sogndal: Dette er gjort

Bibliotek og skule har samarbeidd om opplegg for samlingar og formidling.

- Bibliotekaren førebudde samlingar i samarbeid med skulen.
- Bibliotekaren skreiv brev til elevane for å målrette formidlinga. Gjennom brev til bibliotekaren gav elevane tilbakemelding til bibliotekaren på bokvalet.
- Lærar og bibliotekar hadde tett dialog gjennom prosjektet.
- Elevane las 30 minutt på skulen kvar dag.
- Lesing var tema på foreldremøte og i foreldresamtaler.

Tips: Vel ut skular og klassesteg på omgang

Biblioteket kan velje ut 1-3 klassar som dei vil gje ekstra oppfølging gjennom skuleåret. Brev kan vere eit utgangspunkt for å bli kjent med elevane, klassen kan få tilpassa bokkassar og bokprat 2-4 gonger i året. Det vil vere naturleg å rullere blant skulane som får tilbod.

Les meir

Utarbeiding av leseforslag er ein sentral del av bibliotekmetodikken Lesarsørvis (Readers Advisory). Telemark fylkesbibliotek har utvikla konseptet for norske bibliotek og blant anna laga Lesarsørvis-handboka: lesarsorvis.no.

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har utarbeidd ei oversikt over nynorske barne- og ungdomsbøker: nynorskbok.no.



FAST LESETID: Det vart sett av ein halvtime til dagleg lesing. Foto: Kristin Fossnes



ELI KJOS-WENJUM bibliotekar, Sogndal bibliotek

Det var verdifullt å samarbeida med lærar for å sikra seg at bøkene som blei valde ut til elevane også passa i forhold til leseferdigheiter. I tillegg har ein vorten meir bevisst breidda i ein klasse: ei bok kan ha innverknad på sosial status i klassen – så det er viktig å vera bevisst når ein vel bøker til elevane.



LISE MONSEN
bibliotekar, Flora folkebibliotek

Vi har blitt mye mer oppmerksomme på de utfordringer unger har når det gjelder å sette ord på hvilke typer litteratur de ønsker å lese. De trenger kunnskap om hva som finnes av forskjellige typer bøker, før de kan vite hva de kan spørre om.

(...) selv om elevene er på samme alder kan det være enorme forskjeller både når det gjelder modenhet og lesetekniske ferdigheter. Alle har forskjellig leserhistorie, og jo bedre vi kjenner den jo bedre er vi i stand til å finne rett bok til rett leser.

BREV TIL BIBLIOTEKAREN

Prosjektet var integrert i Flora kommune sin årlege leseaksjon, Flora les, med mål om å vekke leselyst. Skulebibliotekar/lærar ved Krokane skule og bibliotekar ved Flora folkebibliotek stod for gjennomføringa. Dei ville teste ut om brevveksling mellom bibliotekar og elevane kunne lette arbeidet med å finne rett bok til rett elev.

I prosjektet formidla dei bøker til elevar på 5., 7. og 8. trinn. Bibliotekaren frå folkebiblioteket prøvde i tillegg ut delar av metoden ved to andre skular i kommunen (Florø barneskule og Flora ungdomsskule).

Prosjektet vart introdusert ved at skulebibliotekar og bibliotekar fortalde sine egne lesarhistorier. Elevane skreiv tilbake, og deira personlege lesarhistorier danna grunnlag for bibliotekarane sine val av bøker. Bibliotekarane gav svarbrev i lag med boka dei plukka ut til kvar elev.

Det at bøker vart utvalde til elevane gjorde at leseaktiviteten auka, og det vart meir sannsynleg både at dei las boka og at dei likte ho. Bøkene vart òg presenterte i plenum i lag med andre bøker som ikkje var direkte tiltenkte nokon. Elevane fekk slik ei stor samling bøker å velje frå.

Brevvekslinga i delprosjektet, som har gått over fleire år, har gjeve forskarane eit stort materiale. Arbeidet i Flora har

òg inspirert andre deltakarar i prosjektet til å prøve ut liknande metode. Bibliotekarane i Flora har brukt prosjektet på tre ulike trinn, på tre ulike skular. Med mange elevar og mange brev har dei måtte tolke/lese mellom linjene og stole på eiga dømmekraft.

Bibliotekar og skulebibliotekar drøfta bokinnkjøp og bokval, reiste på aktuelle seminar og kurs saman og utveksla erfaringar om bruk av biblioteksystem, pedagogisk arbeid og rutinar ved dei ulike skulane.

Ein suksessfaktor i prosjektet var å integrere det i ei allerede etablert lesesatsing. Prosjektet vart lagt til ein periode der elevane var motiverte for ekstra mykje lesing og der skulane og biblioteket hadde sett av tid og ressursar til leseaktivitetar.

Viktig i Flora var det dessutan at rektor ved Krokane skule så tydeleg støtta opp om prosjektet, og at kommunen gjennom fleire år hadde hatt fokus på lesing og skulebibliotek.

Flora: Dette er gjort

Bokpresentasjonar og bokval er baserte på brev mellom skulebibliotekar/bibliotekar og elev.

- Bibliotekaren og skulebibliotekaren har brevveksla med elevar på 5., 7. og 8. trinn.
- Bibliotekarane har introdusert prosjektet ved å fortelje si eiga lesarhistorie.
- Prosjektet har vore integrert i ein kommunal leseaksjon.
- Det er oppretta tettare fagleg kontakt mellom bibliotekar og skulebibliotekar.
- Bibliotekarane har presentert ei rekke bøker i klasserommet, i tillegg til at dei har delt ut bøker som er valde ut til den einskilde.

Tips: Samarbeid med skulesekken

Kommunar som sjølve organiserer litteraturtilbodet i Den kulturelle skulesekken kan la eit slik brevprosjekt inngå i tilbodet.

Les meir

Delprosjektet i Flora er inspirert av "Ordet går – hvordan drive lesestimulering" som er eit prosjekt Kristiansand folkebibliotek har utvikla i samarbeid med Pedagogisk senter. Hanne Dahl-Larssøn har skrivne ein artikkel om prosjektet som kan lesast på lesesenteret.uis.no.

BREV FRÅ BIBLIOTEKAREN:

Kjære sjuandeklassing!

Florø 1.12.2015

No er det snart Flora Les att, og eg har veldig lyst å komme på besøk i klassen din og fortelje om nokre bøker du kan lese! Eg har så mange kjekke bøker på biblioteket, og heilt sikkert ei som passar akkurat til DEG! Men eg skulle gjerne vite litt meir om deg og di lesarhistorie først: Til dømes, kva likar du å lese, kva bøker eller historier har gjort inntrykk på deg, kva sjanger likar du best, og har du ei favorittbok? Likar du best tjukke eller tynne bøker, eller kanskje blad, aviser eller nettsider? Kanskje du ikkje er så glad i å lese i det heile..? Kva har du lese og likt så langt?

Mi lesarhistorie starta før eg kunne lese. Heime var det mange bøker og eg likte så godt å bla i dei. Å halde ei bok er superdig! Ei bok las mamma så mange gongar at eg kunne den utanåt - eg hugsar den faktisk enno;) Men ein skikkeleg bokelskar blei eg først når eg var omlag 10 år og kravla opp på loftet til bestemor mi. Der fann eg ei heil kasse med "Fem på"-eventyrbøker. Eg kunne sitte på loftet i timesvis å lese, og så var det alltid ei ny bok klar når eg hadde lese ut!

Etter dette har eg alltid likt å lese seriar, det er så kjekt å kjenne eit univers ut og inn. No les eg sjølvsgatt mykje anna. Eg er faktisk veldig glad i kokebøker, og kan lese dei på senga... og så berre elsker eg Harry Potter. Eg er så imponert over J.K. Rowling sine karakterar og alle namna ho finn på. Eg er glad i tjukke bøker, då tar dei ikkje slutt så fort. Helst må dei vere litt spennande, men i det siste har eg lese nokre bøker som har fått tårene til å trille, og det er faktisk ganske godt... men dei MÅ ende godt - elles blir eg sur ;)

No har eg fortalt litt frå mi lesarhistorie, og no vil eg gjerne høyre di. Kan du skrive eit brev til meg og fortelje litt om deg sjølv? Kven er DU, kva du likar å lese om sjølvsgatt, men og kva du likar å gjere på fritida. Kva er interessene dine, kva filmar og tv-seriar likar du og slikt? Læraren din får nokre spørsmål frå meg som du kan svare på i brevet dersom du synest det blir vanskeleg å vite kva du skal skrive :) Eg gler meg til å høyre frå deg!

Vi sjåast snart, då skal eg ha med ei herleg bok til deg!

Helsing Torhild, skulebibliotekar

Kjære Torhild. ♥

Eg er _____ er 12 år og liker fotball, lage mat og lage ubruklege ting om til noko nytt. I fritiden går eg på speideren. Eg liker svært godt bøkene til Anne Berggren. Eg les nesten kvar kveld. Eg er mange fleire hobbyar, som å fiske. Favorittbøkene mine er dauinger, kaldt blod serien og kokebøker. Har alltid hatt lyst til å lese kokeboka ved navn: det søte liv. Vent eg glemte å nevne duaste dagboka. Eg elsker filmen let's be cops. Og eg bare diggar jente magasiner og Tommy og tigeren. Eg liker skrekk og komedie. No les eg boka hekse. Så det er det meste eg kan ramse opp om meg. Eg glemmer alltid å nevne sorg, fordi det gjer noko med meg og at eg alltid gret når eg les temavet sorg.

Mvh: _____

BREV FRÅ ELEV: Det er tydelig at både brev og bøker fall i smak hos elevene.

KJÆRE Torhild

Eg synest at det var kjekt å få eit brev sidan vi ikkje kunne vite kva vi fekk, altså kvas bok vi fekk. Det var veldig kjekt at du ville at vi skulle sende brev tilbake og ut av det brevet fekk vi ei bok. Boka eg fekk passra veldig bra og eg er nokon gonger litt trossen på kvan låter eg vil ha. Eg liker veldig ofte at boka ikkje brukar så lang tid på det spennande/hovudetlen.

Boka du ga meg var både kjekt å lese og det var veldig kjekt og få ei bok som handla om fotball. Det var kjekt å få eit tips om hvordan å bli verdsmefer. Intressant presentasjon!

Hilsen: _____

Foto: fylkesbiblioteket



LITTERÆR SAMTALE I KLASSEROMMET

For Balestrand folkebibliotek og Sagatun skule var målet at elevane skulle bli meir medvitne på lesaropplevingar og lesarhistoria si.

Heile ungdomstrinnet på skulen var involvert, og prosjektet vart kopla opp mot Uprisen som er ein leseaksjon i regi av

Foreningen Iles. Elevane har vore både anmeldarklasse og juryklasse i Uprisen.

Motivasjonen var å identifisere nye vegar inn i ungdomslitteraturen. Dei ville finne fram til eit opnare språk i samtalar om litteratur enn den tradisjonelle bokmeldinga i skulen gjev. Lærar og



LIV ESE lærer, Sagatun skule

Vi såg ei god utvikling i bokmeldingane elevane skreiv. Dei gjekk frå å vere på eit par linjer, nokre få adjektiv som god/dårleg eller opprømsing av fakta, til å bli forteljande med innleving og kjensle. Meldingar som ikkje røper for mykje, men heller gjer lesaren interessert og nysgjerrig på boka. I tillegg bar dei preg av bokkritikk.



bibliotekar tok utgangspunkt i Uprisens kriterium for litteraturkritikk, men ynskte samstundes eit utvida rom for sjølv leseopplevinga. Spørsmålet dei saman stilte seg var korleis ein utfrå arbeid med lesarhistoria betre kan balansere arbeidet med litteratur; korleis kan ein knyte saman det personlege med

faglege verktøy for litteraturkritikk?

Gjennom skriftlege bokmeldingar og litterære samtalar såg lærar og bibliotekar at elevane fekk auka kompetanse på litteratur. Dei har fått eit meir variert språk til å snakke om litteraturen på.

I byrjinga av prosjektet kartla lærar og bibliotekar elevane sitt forhold til litteratur. Læraren intervjuar elevar der dei fortalde om lesarhistoria si frå barnehagen til ungdomsskulen.
















KRITERIESKJEMA: Læraren og elevane laga eit kriterieskjema til hjelp i vurderingsarbeidet, og Bjarthe Bakken frå Foreningen Iles var på besøk og heldt skrivekurs for elevane. Foto: fylkesbiblioteket

Som anmeldarklasse for Uprisen las elevane dei nyaste, norske ungdomsbøkene og skreiv mange bokmeldingar. For å kople bokmeldingane med lesarhistorieomgrepet, vart det jobba med å utvikle elevane sitt språk for å melde bøker.

Elevane las i prosjektperioden svært mange bøker og skreiv ei rekkje bokmeldingar som vart publiserte på uprisen.no. Dei las også andre sine bokmeldingar, og fekk ei dobbel læring – dei oppdaga raskt kva meldingar dei las ferdige og kva slags meldingar som vart hoppa over.

Bokmelding

<p>Handling</p> 	<p>Skriv kort, berre få linjer. Bør innehalde noko om hovudpersonar og viktige hendingar, men ikkje røpe slutten.</p> <p>Måtar å fortelje om handling på: Vanleg forteljande, starte med ei skildring eller replikk, starte med eit spørsmål.</p>	<p>Spenning</p>  	<p>Det kan vere ulike typar spenning i ei bok. Korleis greier forfattaren å halde på spenning? Sjå plakat i klasserommet.</p>
<p>Oppleving</p> 	<p>Korleis opplevde du boka? +/- Fortel. Var det noko ved personar eller handling som gjorde inntrykk og rørte deg? Noko du kanskje tenkjer på enno? Vis det.</p>	<p>Vurdering</p> 	<p>Her skal du gi ei sluttvurdering av boka. Spørsmål du kan stille deg sjølv er: Er det ei bok som passar for målgruppa(ungdom)? Kvifor trur du forfattaren har brukt tid til å skrive denne boka? Er dette ei bok som er verdt å bruke tid på å lese? (Seier ho noko viktig? Gir ho deg noko å tenkje på?)</p>
<p>Kopling</p> 	<p>Er det muleg å kople noko av det du har lese til noko du har opplevd i livet? (Ei anna bok eller ein film?) Eller har du no lese ei bok der du opplever eller lærer noko "nytt" eller kanskje noko du ikkje har tenkt åp før. Vis og forklar. +/-</p>	<p>Overskrift</p>  	<p>Gi bokmeldinga di ein tittel. Må vere aktuell. Bruk det du har lært om overskrifter. Tenk på at meldinga di har mange lesarar, og lesarane skal lese mange bokmeldingar.</p>
<p>Ord</p>  	<p>Leit etter ord, setningar eller heil tekst du meiner utmerkar seg. Kan språket slik skape bilete i hovudet ditt/irritere deg/lage stemning? Eksempel.</p>	<p>Teksten din</p>  	<p>Du kan tenkje over: Korleis vil du skrive for at meldinga di skal bli hugsa? Korleis kan du argumentere for meininga di ved å bruke kriterium/punkt/overskrift og samtidig skrive ein tekst som "rører" lesaren? Har du sagt noko om korleis du opplevde boka, kva som gjer boka god eller dårleg og kvifor andre bør/bør ikkje lese boka?</p>
<p>Forventning</p> 	<p>Du hadde visse forventningar til boka. Skjer ting silk du forventa deg, eller var der overraskingar? Oppførte personane seg som venta, eller overraske dei? Korleis verka det inn på di oppleving av boka?</p>		<p>Pass på at det ikkje blir for mykje oppramsing. Får du "flyt" i teksten? Alle punkt må ikkje med, men berre ting du har noko å skrive om.</p>

Som juryklasse skulle elevane lese og rangere dei fem bøkene som var nominerte til Uprisen 2016. Klassen fekk besøk av litteraturkritikar Eivind Myklebust, som hjelpte elevane å vurdere dei ulike bøkene. Klassen gjennomførte litterære samtalar om dei nominerte bøkene. Lærar leia samtalen der elevane tok i bruk rollekort. Slik fekk dei sett ord på eigne leseopplevingar, og dei fekk fram ulike innfalsvinklar til litteratur og lesing.

“Flere av elevane har i etterkant valt annan litteratur enn dei i starten av prosjektet sa at dei ville lese, og terskelen for å prøve seg på andre typar bøker er blitt lågare.

Kari Bolstad, bibliotekar
Balestrand folkebibliotek



ROLLEKORT: Klassen brukte rollekort for å strukturere dei litterære samtalan. Elevane som får rolla “ordkunstnar” skal t.d. finne ord i forteljinga som kan vere viktige, vanskelege, merkelege osv. Ein erfaren lærar kan fordele roller ut frå kjennskap til elevane sine føresetnader. Denne måten å kople på er i tråd med Kunnskapsløftets mål om at elevane skal delta i utforskande samtalar om litteratur, teater og film. Døme på rollekort ligg til nedlasting på lesesenteret.no

Balestrand: Dette er gjort

Gjennom arbeid med leseaksjonen Uprisen har elevane blitt flinkare til å vurdere litteratur, til å reflektere over eigen leseoppleving og lært seg å uttrykke dette både skriftleg og munnleg.

- lærar intervjuar elevane om lesarhistoriene deira, bibliotekaren valde ut bøker på bakgrunn av dette.
- klassen har vore juryklasse for Uprisen og fått kritikarbesøk av Eivind Myklebust.
- lærar og elev har utvikla eit skjema og tatt i bruk rollekort som hjelp i litteraturvurderinga.

Tips: Bruk leseaksjonar som inngangsport

Mange bibliotek synest det er utfordrande å få i gang gode tiltak/prosjekt i biblioteket som treffer ungdom. Leseaksjonar som Tid for ti, TXT, Uprisen og Ungdommens kritikerpris er soleis gyldne inngangsportar til samarbeid mellom bibliotekar og skule. Bibliotekaren kan ofte vektleggje andre perspektiv i klasserommet (som leseopplevingar) og dei kan setje dei aktuelle bøkene inn i ein annan kontekst.

Les meir

Foreningen !les har ulike leseaksjonar frå 1. klasse til vidaregåande skule. Sjå til dømes uprisen.no Særleg under fana «Lærersider» er det mykje relevant stoff for lærarar og bibliotekarar.

Janne Karin Støylen har skrivne masteroppgåve om Uprisen. Artikkelen «Frå ungdommen», som er basert på oppgåva, kan lesast på barnebokkritikk.no.

- KVASSKJEFTEN!



De stierter og stierne til der med i landet, og stierne
i landet og stierne, men de stier der stier stier til
Calle på det stier stier i stier stier. Alle stier på
stier stier, men de stier stier og stier stier.
De stier stier. Og de stier stier.
De stier stier og stier stier.

SLUTTORD FRÅ SOGN OG FJORDANE FYLKESBIBLIOTEK

Det er ikkje så lett å beskrive kva som kjenneteiknar god formidling. Ei kvar formidling er avhengig av situasjonen, kva samanheng formidlinga skjer i og kven den er meint å nå. Men generelt kan vi slå fast at formidlinga må vere målretta og engasjerande. Grunnleggande er innsikt i det som skal formidlast og kunnskap om dei ein skal formidle til. Det handlar om formidlarens erfaring og evne til å vere lyttande og fleksibel, og om samarbeid mellom dei som legg til rette for formidlinga. I lesarhistorieprosjektet har vi snakka om *dømmekraft* som omgrep for å beskrive formidlingskompetanse. Vi har ynskt å lære av prosjektdeltakarane sin dømmekraft, og vi har villa bidra til at dei skulle få utvikle seg vidare som formidlarar.

I prosjektet var det *lesaren* sitt perspektiv som skulle vere styrande for formidlinga. I seg sjølv skil ikkje dette seg frå mykje av formidlinga som skjer elles i bibliotek, skular og barnehagar. Det som var spesielt i vår samanheng, var vekta på erfaringsbakgrunnen til barna som deltok. Ved å ta utgangspunkt i lesarhistorieomgrepet vart ståstaden til det einskilde barnet eit styrande prinsipp for formidlinga. Fagmiljøet rundt barna og foreldra vart òg viktige å nå, for å kunne målrette formidlinga og leggje til rette for vidare lesing.

Lesing er grunnleggande for å kunne orientere seg i verda. Gjennom prosjektet fann vi fram til måtar folkebibliotek, skular og barnehage kunne samordne arbeidet sitt med lesestimulering på. Det avteikna seg ei rekkje døme på individ- og grupperetta formidling, formidlingsøakter som resulterte i omfattande lesing og skapande arbeid av mange slag. Lærar/pedagog bidrog med kjennskap til barnet og rammeverket som galdt i skule og barnehage, bibliotekar med kunnskap om litteratur og formidling. Samarbeid gjennom heile prosessen frå planlegging til gjennomføring og evaluering var avgjerande for utbytte og læring i prosjektet.

Dokumentasjonen i prosjektet var barns og unges lesarhistorier, formidlarane sine forteljingar og observasjonane som forskarane og prosjektleiinga gjorde. Det kan vere ei utfordring i arbeidskvardagen å ha tid, kompetanse og avstand nok til å vurdere eigen aktivitet. I lesarhistorieprosjektet var det eit mål at deltakarane skulle lære meir om å forske på eige arbeid. I prosjektmøta og samtalar undervegs vart ulike vurderingsmetodar drøfta. Rapportane frå delprosjekta fortel om eit meir medvite forhold til formidlinga i fagmiljøa som deltok.

Erfaringane frå prosjektet er tilgjengelege i rapportar og publikasjonar, og prosjektdeltakarane bidreg gjerne med meir informasjon (sjå kontaklinformasjon bakerst). Vi håpar erfaringane frå Lesarhistoria – ny veg til lesaren kan vere éin byggjestein i det vidare arbeidet med å utvikle formidlinga til dei små og unge lesarane.

Prosjektet Lesarhistoria – ny veg til lesaren

Davik barnehage og Bremanger folkebibliotek

Nordstranda skule og Gløppen folkebibliotek

Kaupanger skule og Sjøndal bibliotek

Krokan skule og Flora folkebibliotek

Sagatun skule og Balestrand folkebibliotek

Sluttord frå Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

KONTAKT

Bente Elisabeth Lund

Prosjektleiar, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

Tlf: 57 63 79 51

bente.lund@sfj.no

Kjell Ivar Skjerdingsstad

Professor ved OsloMet

Tlf: 67 23 82 94

kjell-ivar.skjerdingsstad@oslomet.no

Astrid Olsbø

Pedagogisk leiar Davik barnehage i Bremanger

Tlf: 959 89 311

astrid.endal.olsbo@bremanger.kommune.no

Ann-Kristin Hovstad

Bibliotekar Gloppen folkebibliotek

Tlf: 400 33 721

ann.kristin.hovstad@gloppen.kommune.no

Eli Kjos-Wenjum

Bibliotekar Sogndal bibliotek

Tlf: 57 62 96 60

eli.kjos-wenjum@sogndal.kommune.no

Lise Monsen

Bibliotekar Flora folkebibliotek

Tlf: 57 75 60 55

lise.monsen@flora.kommune.no

Kari Bolstad

Bibliotekar Balestrand folkebibliotek

Tlf: 57 65 12 18

kari.bolstad@balestrand.kommune.no

Siv Hatlem

Prosjektmedarbeidar, Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

Tlf: 57 63 79 52

siv.hatlem@sfj.no

Silje Hernæs Linhart

Førsteamanuensis

silje_hernas@yahoo.com

Trond Strand

Bibliotekar Hauge filial, Bremanger folkebibliotek

Tlf: 959 89 311

trond.strand@bremanger.kommune.no

Reidun Sandøy Os

Lærer Nordstranda skule

Tlf: 57 86 67 40

reidun.sandoy.os@gloppen.kommune.no

Kristin Fossnes

Lærer Kaupanger skule

Tlf: 57 62 89 00

kristin.fossnes@sogndal.kommune.no

Torhild Madsen

Skulebibliotekar og lærar Krokane skule

Tlf: 57 75 64 00

torhildester@hotmail.com

Liv Ese

Lærer Sagatun skule

Tlf: 57 69 47 17

liv.ese@balestrand.kommune.no